



Kommuneleiinga og delegasjonen frå Hagetunet: Frå venstre Trond Sætereng, Torolf Bondhus, Jan Tore Jonsen, Eva Karin Haugland, Eirik Nordal, Gunn Tove Petterteig, Svein Jarle Legland og Tone Høyland (Foto Privat)

**4 tenestemottakarar frå Hagetunet var i sommar med på eit kurs i Åsane med overskrifta Min kropp, Mine grenser, Jeg bestemmer - leia av sexolog Ann Cecilie Hjelm. Kurset var svært lærerikt og Hjelm har sagt seg villig til å halda eit slikt kurs også i Kvinnherad og då ikkje berre for tenestemottakarar men også for personale, pårørande, eventuelle støttekontaktar og skuleelevar. Torsdag vart ideen om eit kurs også her presentert for kommuneleiinga og fekk ei svært positiv mottaking.**

Eva Karin Haugland frå Hagetunet var med dei 4 både i Åsane og i Rådhuset og opplysar at dei tidlegare har fått eit positivt signal også frå ordførar Synnøve Solbakken.

Kommunalsjef Gunn Tove Petterteig som tok imot delegasjonen torsdag skal no kartleggja kor mange som kan vera aktuelle deltakarar i kurset.

Kurset i Åsane var i regi av Norsk Forening for Utviklingshemma. Fyrste del handla om kosthald, personleg hygiene, venner, kjærestar, kjensler, kropp og grensar, Andre del var om sex, prevensjon, sambuarskap og born.

Dei 4 deltakarane - 3 frå Uskedalen og 1 frå Husnes - har i eit brev til kommunen skreve at kurset var svært lærerikt då dei aldri tidlegare har fått opplæring i emnet. Kursleiaren framførte temaet lett forståeleg med bilete, film og hjelpemidlar, skriv tenestemottakarane og legg til:

- Vi kunne snakka om temaet og fortelja og stilla spørsmål og har eit stort ynskje om at andre i Kvinnherad kan få nytta seg av dette tilbodet.

Eva Karin Haugland berømmar kommuneleiinga for god mottaking. Delegasjonen frå Hagetunet vart vist rundt i heile Rådhuset og orientert grundig om kommunens ymse funksjonar.

Av Ola Matti Mathisen